



Retningslinjer for etisk handel

Voss Energi AS

Endringslogg		
Dato:	Kva	Godkjenning

Voss Energi	Retningslinjer for etisk handel	
Dok nr:		Side 1 av 6
Utarbeidt av Egil Selvåg Dato: 20.12.12 Sign: ES	Godkjent av Rune Nesheim Dato: 20.12.12 Sign.:RN	Versjon/Revisjon: 0/0 Dato: 20.12.12 Sign: ES

INNHALDSLISTE**SIDE**

1 RETNINGSLINJER FOR ETISK HANDEL	3
1.1 Innleiing	3
1.2 Prinsipp	3
1.3 Krav til eigen verksemd	3
2 KRAV TIL FORHOLD I LEVERANDØRKJEDA	3
2.1 Tvangsarbeid/slavearbeid (ILO konvensjon nr. 29 og 105)	3
2.2 Fagorganisering og kollektive forhandlingar (ILO konvensjon nr. 87, 98, 135 og 154)	4
2.3 Barnearbeid (FNs konvensjon om barnets rettigheter, ILO konvensjon nr. 138, 182 og 79, ILO anbefaling nr. 146)	4
2.4 Diskriminering (ILO konvensjon nr. 100 og 111 og FN's Kvinnediskrimineringskonvensjon)	4
2.5 Brutal behandling (FN's menneskerettserklæring artikkel 5)	4
2.6 Helse, miljø og sikkerhet (ILO konvensjon nr. 155 og anbefaling nr. 164)	4
2.7 Løn (ILO konvensjon nr. 131)	5
2.8 Arbeidstid (ILO konvensjon nr. 1 og 14)	5
2.9 Regulære tilsetjingar	5
2.10 Marginaliserte befolkningsgrupper	5
2.11 Miljø	5
2.12 Korruption	6
2.13 Leiarsystem hjå leverandørar	6

1 Retningslinjer for etisk handel

1.1 Innleiing

Voss Energi AS jobbar for å fremje gode arbeids- og miljøforhold i våre leverandørkjeder. Dette ynskjer vi å gjøre i nært samarbeid med våre leverandørar og samarbeidspartnarar. For å tydeleggjere kva vi forventar av våre leverandørar, har **Voss Energi AS** utarbeidd retningslinjer for etisk handel.

Retningslinjene dekkjer grunnleggjande krav til menneskerettigheiter, arbeidstakarrettigheiter og miljø, og retningslinjene er i samsvar med/bygger på internasjonalt godkjende FN og ILO konvensjonar.

1.2 Prinsipp

Våre leverandørar skal levere varer og tenester til **Voss Energi AS** som er produsert i samsvar med retningslinjene. Leverandørene skal også vidareformidle og fylgje opp retningslinjene hjå sine underleverandørar.

Leverandøren må kunne dokumentere at retningslinjene vert etterlevde. Dersom **Voss Energi AS** ynskjer å kartlegge underleverandør, pliktar leverandøren å gje opp namn og kontaktopplysningar på denne.

Sosiale og miljømessige standardar vil bli vektlagde ved val av nye leverandørar.

1.3 Krav til eigen verksemd

Voss Energi AS vil kontinuerleg jobba for å forbetre eigen politikk og praksis som kan bidra til at leverandørane etterfylgjer våre retningslinjer for etisk handel.

Voss Energi AS, inkludert alle tilsette, skal aldri tilby eller ta i mot ulovlege eller urettmessige pengegåver eller andre godtgjersler for å oppnå forretningmessige eller private fordelar for eigen del eller fordelar for kundar, agentar eller leverandørar. Dette skal vere i samsvar med eigne etiske retningslinjer.

Voss Energi AS og **Voss Energi AS** sine leverandørar skal unngå handels partnarar som har aktivitetar i land som er pålagde handelsboikott av FN og/eller norske myndigheter.

2 Krav til forhold i leverandørkjeda

Desse retningslinjene for etisk handel er baserte på internasjonalt anerkjente FN- og ILO-konvensjonar og angir minimums- og ikkje maksimumsstandardar. Lovgjevinga på produksjonsstaden skal respekterast. Der nasjonale lover og reguleringar dekkjer same tema som desse retningslinjene, skal den høgaste standarden gjelda.

2.1 Tvangsarbeid/slavearbeit (ILO konvensjon nr. 29 og 105)

- 2.1.1 Det skal ikkje finnast noko form for tvangsarbeid, slavearbeit eller ufrivillig arbeid.
- 2.1.2 Arbeidarane skal ikkje måtte levere depositum eller identitetspapir til arbeidsgjevar og skal fritt kunne avslutte arbeidsforholdet med rimeleg oppseilingstid.

2.2 Fagorganisering og kollektive forhandlingar (ILO konvensjon nr. 87, 98, 135 og 154)

- 2.2.1 Arbeidarane skal utan unntak ha rett til å slutte seg til eller etablere fagforeiningar etter eige ynskje, og til å forhandle kollektivt. Arbeidsgjever skal ikkje blande seg inn i, hindre eller motarbeide fagorganisering eller kollektive forhandlingar.
- 2.2.2 Fagforeningsrepresentantar skal ikkje diskriminerast eller hindrast i å utføre sitt fagforeningsarbeid.
- 2.2.3 Dersom retten til fri organisering og/eller kollektive forhandlingar er avgrensa ved lov, skal arbeidsgjevaren leggje til rette for, og ikkje hindre alternative mekanismar for fri og uavhengig organisering og forhandling.

2.3 Barnearbeid (FNs konvensjon om barnets rettigheter, ILO konvensjon nr. 138, 182 og 79, ILO anbefaling nr. 146)

- 2.3.1 Minstealder for arbeid skal ikkje være mindre enn 15 år og i tråd med
 - i) nasjonal minstealder for tilsettjing, eller;
 - ii) minstealder for obligatorisk skulegang, med høgaste alder som gjeldande. Dersom lokal minstealder er sett til 14 år i tråd med unntaket i ILO konvensjon 138, kan dette aksepterast.
- 2.3.2 Rekruttering av barnearbeidrarar i strid med ovannemnde minstealder skal ikkje finne stad.
- 2.3.3 Barn under 18 år skal ikkje utføre arbeid som er til skade for den enkelte si helse, sikkerheit eller moral, inkludert nattarbeid.
- 2.3.4 Det skal etablerast handlingsplanar for snarleg å fase ut barnearbeid som er i strid med ILO-konvensjonane 138 og 182. Handlingsplanane skal dokumenterast og kommuniserast til relevant personale og andre interesserantar. Det skal leggjast til rette for støtteordningar som gjev born moglegheit til utdanning inntil barnet ikkje lenger er i skolepliktig alder.

2.4 Diskriminering (ILO konvensjon nr. 100 og 111 og FNs Kvinnediskrimineringskonvensjon)

- 2.4.1 Det skal ikkje finnast diskriminering når det gjeld tilsettjing, lønning, opplæring, forfremming, oppseiing eller pensjonering basert på etnisk tilhøyring, religion, alder, uførheit, kjønn, sivil status, seksuell legning, fagforeningsarbeid eller politisk tilhøyring.
- 2.4.2 Det skal etablerast vern mot seksuelt påtrengjande, truande, fornærmande eller utnyttande åtferd og mot diskriminering eller oppseiing på usakleg grunnlag, f. eks ekteskap, graviditet, foreldrestand eller status som HIV-smitta.

2.5 Brutal behandling (FN's menneskerettserklæring artikkel 5)

- 2.5.1 Fysisk mishandling eller straffing, eller trussel om fysisk mishandling er forbode. Det same gjeld seksuelt eller anna misbruk og andre former for audmjukingar.

2.6 Helse, miljø og sikkerhet (ILO konvensjon nr. 155 og anbefaling nr. 164)

- 2.6.1 Det skal arbeidast for å sikra arbeidarane eit sikkert og sunt arbeidsmiljø. Farlege kjemikaliar og andre stoff skal handterast forsvarleg. Naudsynte tiltak skal setjast i verk for å hindra og minimera ulukker og helseskadar som resultat av, eller relatert til, forhold på arbeidsplassen.
- 2.6.2 Arbeidarane skal ha jamleg og dokumentert opplæring i helse og sikkerheit. Helse- og sikkerheitsopplæringa skal gjentakast for nye tilsette og omplasserte arbeidarar.

- 2.6.3 Arbeidarane skal ha tilgang til reine sanitærfasilitetar og reint drikkevann. Om relevant, skal arbeidsgjevar også sørge for tilgang til fasilitetar for trygg oppbevaring av mat.
- 2.6.4 Om arbeidsgjevar tilbyr losji, skal dette være reint, sikkert, tilstrekkeleg ventilert og med tilgang til reine sanitærfasilitetar og reint drikkevann.

2.7 Løn (ILO konvensjon nr. 131)

- 2.7.1 Løn til arbeidarane for ei normal arbeidsveke skal minst vere i tråd med nasjonale minstelønsreglar eller bransjestandard, den høgaste gjeld. Løn skal alltid vere tilstrekkeleg til å dekke grunnleggjande behov, inkludert noko sparing.
- 2.7.2 Lønsforhold og utbetaling av løn skal vere skriftleg avtalefesta før arbeidet startar. Avtalen skal vere forståeleg for arbeidaren.
- 2.7.3 Fråtrekk i løn som disciplinærreaksjon vert ikkje tillate.

2.8 Arbeidstid (ILO konvensjon nr. 1 og 14)

- 2.8.1 Arbeidstida skal vere i tråd med nasjonale lover eller bransjestandard, og ikkje overstige arbeidstid i samsvar med gjeldande internasjonale konvensjonar. Normal arbeidstid per veke skal vanlegvis ikkje overstige 48 timer.
- 2.8.2 Arbeidarane skal ha minst ein fridag per 7 dagar.
- 2.8.3 Overtid skal være avgrensa og frivillig. Anbefalt maksimum overtid er 12 timer per uke, dvs. samla arbeidstid på 60 timer per veke. Unntak frå dette kan aksepteraast dersom det er regulert av en kollektiv avtale eller nasjonal lov.
- 2.8.4 Arbeidarane skal alltid ha overtidstillegg ved arbeidstidstid over normal arbeidstid (sjå punkt 2.8.1 over), minimum i tråd med gjeldande lover.

2.9 Regulære tilsetjingar

- 2.9.1 Forplikting overfor arbeidarane, i tråd med internasjonale konvensjonar, nasjonale lover og reglar om regulære tilsetjingar skal ikkje omgåast gjennom bruk av korttidsengasjement (som bruk av kontraktsarbeidarar, lausarbeidarar og dagsarbeidarar), underkontraktører eller andre arbeidsrelasjonar.
- 2.9.2 Alle arbeidarar har krav på arbeidskontrakt på eit språk dei forstår.
- 2.9.3 Lærlingprogram skal vere klart definert med omsyn til lengd og innhald.

2.10 Marginaliserte befolkningsgrupper

- 2.10.1 Produksjon og bruk av naturressursar skal ikkje bidra til å øydeleggja ressurs- og inntektsgrunnlag for marginaliserte befolkningsgrupper, for eksempel ved å beslaglegge store landareal, uforsvarleg bruk av vatn eller andre naturressursar som befolkningsgruppene er avhengige av.

2.11 Miljø

- 2.11.1 Tiltak for å redusere negative effektar på helse og miljø i hele verdikjeda skal gjennomførast gjennom minimering av utslepp, fremjing av effektiv og bærekraftig ressursbruk, inkludert energi og vatn og minimering av drivhusgassutslepp i produksjon og transport. Lokalmiljøet på produksjonsstaden skal ikkje bli dreve rovdrift på, eller skadast av ureining.
- 2.11.2 Nasjonal og internasjonal miljølovgiving og -reguleringar skal overhaldast og relevante tillating av utslepp skal innhentast.

2.12 Korruption

2.12.1 Alle former for smurning, er uakseptabelt, så som bruken av alternative kanalar for å sikre illegitime private eller arbeidsrelaterte fordelar til kundar, agentar, kontraktørar, leverandørar, tilsette eller offentlege tenestemenn/-kvinner.

2.13 Leiarsystem hjå leverandørar

Leiarsystem er sentralt for innføringa av etiske retningslinjer. **Voss Energi AS** understrekar viktigheita av at leverandøren har eitt eller fleire system som støttar innføring av desse. Forventningane vert gjort tydlege ved at:

- Leverandøren bør utpeike ein ansvarleg, sentralt i organisasjonen, for innføring av dei etiske retningslinjene i eigen verksemد.
- Leverandøren skal gjere retningslinjene kjend i alle relevante delar av sin organisasjon
- Leverandøren skal orientera **Voss Energi AS** før produksjon eller delar av produksjon vert sett ut til ein underleverandør/kontraktør der dette ikkje er avtala på førehand.
- Leverandøren skal kunne gjere greie for kor varer som er bestilt av Voss Energi AS vert produsert.